

Møremusikarordninga - Arrangørtilskot til innleige av profesjonelle frilansmusikarar

Tilskotet gjeld ikkje for bruk av dei fast tilsette musikarane, søk om faste musikarar [her](#).

Søknadsfristar er 15. februar, 15. mai, 15. september og 15. november.

Formål

Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga, vil gjennom denne tilskotsordninga stimulere til høg kvalitet i kulturarrangement i fylket ved at arrangørar får tilskot til honorar og RDO (reise, diett og naudsynt overnatting) for profesjonelle musikarar som er busette i Møre og Romsdal.

Liste over frilans Møremusikarar finn du [her](#).

Kva kan ein Møremusikar nyttast til?

Instruksjonsoppdrag, alle typar konsertar, akkompagnering, arrangement og komponering, assistansespel i amatørensemble, medverknad i profesjonelle ensemble, kulturelle innslag ved til dømes kurs, konferansar og møter, solistoppdrag, kursverksemd med meir.

Kven kan søkje om arrangørtilskot?

Konsertarrangørar, kulturinstitusjonar, det frivillige musikklivet og det lokale næringslivet.

Kven kan ikkje søkje om arrangørtilskot?

Kommunar (inkludert kulturskolar), fylkeskommunen, undervisningsinstitusjonar og private arrangement.

Prioritering og tildeling

Tilskota blir fordelt med omsyn til type arrangement og geografi

Tilskota kan ikkje overstige 50% av kostnadane med å leige inn profesjonelle musikarar

Søknadsskjema

Søknadsskjema og meir informasjon finn de på Møre og Romsdal si heimeside

<https://mrfylke.no/tilskot-prisar-og-stipend>

Innhald i søknaden

- Namn på arrangør, kontaktperson, arrangement og organisasjonsnummer
- Stad og dato for arrangementet (inkl. lokale og kommune)
- Arrangementstype til dømes ulike konsertar, assistansespel, Instruksjon, seminar
- Namn på profesjonelle musikarar ein ønskjer eller har avtalt å leige inn
- Søknadssum basert på omfang/timar/prøveplan og omfang RDO (reise, diett og naudsynt overnatting)
- Kort beskriving av arrangementet, innhald, plan for gjennomføring, målgruppe, forventa deltakarar, samarbeidspartar og program

Andre vilkår for tilskot

Etter at søknaden er behandla, vil arrangøren få skriftleg melding. Tildelingsbrevet gir opplysningar om evt. tildelt sum, og vilkår som må vere oppfylte før utbetaling skjer.

Innleigde møremusikarar skal behandlast likt og lønnast etter bransjestandard. Arrangørane må sjå til Creo sine satsar, eller nasjonale satsar for DKS (den kulturelle skolesekken). Godtgjering for reise, diett og naudsynt overnatting skal skje etter Statens regulativ for dette.

Synleggjering

Det skal gå klart fram av kunngjering (annonse/plakatar/program o.l.) at arrangementet blir støtta av Møremusikarordninga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Rapportering

Arrangør må sende inn rapport med rekneskap **seinast 2 månader** etter arrangementsdato, eller den frist som går fram av tildelingsbrevet.

Rapporten skal innehalde rekneskapsrapport for prosjektet/aktiviteten, der ein synleggjer muskarhonorar og støtta frå Møre og Romsdal fylkeskommune i eigne postar.

Rapporten skal også innehalde namn på muskar(ar) som vart brukt, kort beskriving av arrangementet og tal på deltakarar/publikum.

Etter fristen vert tildeling som ikkje er gjort opp strokne, og midla blir omfordelte.